



Lindås Brygge AS

Veråsveien 130

5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4036 - 14/24530

Saksbehandlar:

Terje Sætre

Terje.Saetre@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2014

Reaksjon ved brot på alkohollova - Lindås brygge

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Terje Sætre

rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 094/14 | Formannskapet | PS | 30.10.2014 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Terje Sætre | 14/4036 |

Reaksjon ved brot på alkohollova - Lindås brygge

Vedlegg:

Rapport - kontroll av skjenkeløyve - Lindås Brygge (L)(32301)
Alkoholpolitisk plan 2012 - 2016 Lindås kommune, endeleg, august 2012

Rådmannens framlegg til vedtak

For skjenking ut over tillatt skjenketid blir Lindås brygge belasta med 6 prikker, jfr. Lindås kommunes alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova».

Grunnlaget for prikkbelastninga er at alkoholkontrollen laurdag 19.07.2014 avdekkja at det vart skjenka og konsumert alkohol ut over tillatt tid. Skjenketida for Lindås brygge, som har løyve til uteservering, var til kl. 0100, jfr. Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune pkt. 2 c (kommunens alkoholpolitiske plan, del III). Konsum av utsjenkena alkohol skal opphøyre ein halv time etter skjenketida, sjå forskriftens pkt. 4. Viser elles til alkohollova § 4-4 «Tidsinnskrenkinger for skjenking av alkoholholdige drikker.» Ifølgje alkoholkontrollen av 19.07.2014 vart det både konsumert og skjenka alkohol fram til kl. 0215.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan pålagast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageaavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Formannskapet - 094/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

For skjenking ut over tillatt skjenketid blir Lindås brygge belasta med 6 prikker, jfr. Lindås kommunes

alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova».

Grunnlaget for prikkbelastninga er at alkoholkontrollen laurdag 19.07.2014 avdekkja at det vart skjenka og konsumert alkohol ut over tillatt tid. Skjenketida for Lindås brygge, som har løyve til uteservering, var til kl. 0100, jfr. Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune pkt. 2 c (kommunens alkoholpolitiske plan, del III). Konsum av utskjenna alkohol skal opphøye ein halv time etter skjenketida, sjå forskriftens pkt. 4. Viser elles til alkohollova § 4-4 «Tidsinnskrenkinger for skjenking av alkoholholdige drikker.» Ifølgje alkoholkontrollen av 19.07.2014 vart det både konsumert og skjenka alkohol fram til kl. 0215.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan pålagast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageaavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Alkoholkontrollen avdekkja i kontroll 19.07.2014 følgjande forhold v/Lindås brygge:

- Det vart skjenka alkohol utover skjenketid
- Det vart konsumert alkohol utover tillatt tid.

Det vart skjenka og konsumert alkohol fram til kl. 0215 på areal for uteservering. Gjester tok også med seg alkohol til skjenkeområdet ute.

I skriv av 31.07.2014 bad kommunen om uttale til rapporten frå Lindås brygge as. 11.august d.å. svarar Lindås brygge v/dagleg leiar slik:

*«.. På en i utgangspunktet rolig dag kom det mer gjester enn forventa på
tilsvarende dagar. Dette medførte at vi hadde ein vakt for lite ihht til det
var ønskelig fra vår side. Med fire alternative utganger til uteområde har
det blitt prioritert sjekk på inngang/utgang av skjenkeområdet, og det
er dermed oversett personer som konsumerte alkohol på uteservering etter
angitt tidspunkt. Vi beklager dette, og vi ønsker å følge opp dette i våre
rutiner.»*

I skriv av 21.august blir Lindås brygge varsle om at kommunen vurderar å reagere på brota på alkohollova.

1.september melder Lindås brygge v/dagleg leiar tilbake:

«*Utfra tilbakemelding fra mine ansatte, og dialog med skjenkekонтrollør samt merknader i rapport, blir det påpekt at det er konsumert alkohol ute, samt tatt med alkohol ut på skjenkeområdet etter kl. 0100. Det er ikke skjenka alkohol etter åpningstid. Har eg misoppfatta rapporten?»*

Lindås kommune tek kontakt med vedkomande alkoholkontrollør, som 4.september stadfestar det som kom fram i rapporten av 19.juli:

«*Som det fremkommer i skjema som ble fylt ut med ansvarshavende ved kontrolltidspunktet gjelder dette uteserveringen. Der ble det både konsumert og skjenket alkohol ut over tillatt tid. Og som nevnt i skjema fant både konsum og skjenking sted frem til kl 02.15.*

Mitt inntrykk er ikke at dette utelukkende skyldes liten bemanning da ansvarshavende fra ca 01.45 faktisk stod i døren til uteservering og gjester med alkohol passerte vedkommende på vei ut på uteservering.

Det ble heller ikke tatt noe initiativ ovenfor gjestene på uteserveringen for å be disse om å ta med alkohol inn i lokalet etter at skjenketid skulle vært avsluttet på uteserveringen»..

Lindås brygge blir gjort kjent med tilbakemeldinga frå alkoholkontrolløren.

9.september melder Lindås brygge v/dagleg leiar tilbake til kommunen:

- Det er ikkje blitt skjenka alkohol etter opningstid i bar, men drikke er teke med ut på skjenkeområdet etter dens opningstid kl. 0100
- Ifølgje eigne tilsette skal det ha blitt ført kontroll med uteområde, men einskilde har likevel klart å ta med seg alkohol ut på uteservering. Dei skal også ha blitt bedne om å ta alkohol inn i restauranten då dei har blitt oppdaga. Ifølgje skjenkekонтrollør stemmer ikkje dette overens med hans observasjonar.
- Lindås brygge ser at det har skjedd ein glipp i rutinar på eigne tilsette ved å overhalde skjenketid på utearealet
- Dei tilsette er kalt inn til oppfriskningsmøte for å få repetert skjenkereglane og rutinane.

Kontrollutvalet for alkohol

I møte 14.oktober 2014 behandla Kontrollutvalet for alkohol denne saka. Uttalen frå utvalet er

identisk med rådmannens framlegg til vedtak.

Vurdering

Laurdag 19.07.2014 vart brot på alkohollova avdekkja av alkoholkontrollen.
Lindås brygge har skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk. Ifølgje forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune pkt. 2c er skjenketida fram til kl. 0100 fredagar og laurdagar for uteservingar som har løyve til skjenking av all alkoholhaldig drikk. Ifølgje forskriftenas pkt. 4 skal konsum av utskjenka alkohol opphøyre seinast ei halv time etter skjenketida.

Lindås brygge erkjenner at det har vore brot på bestemmelsene om skjenketid på utearealet, men ikkje at det er blitt skjenka alkohol etter opningstid i bar.

Rådmannen festar lit til alkoholkontrollens rapport av 19.juli: både konsum og skjenking skjedde fram til kl. 0215.

Ifølgje alkoholpolitisk plan for Lindås kommune pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» blir skjenking ut over tillatt skjenketid definert som eit svært alvorleg brot: 5 –8 prikker. Dersom summen av prikker kjem opp i 8, kan løyve bli inndrege i 2 veker.

Noverande eigar av Lindås brygge har ikkje fått prikkbelastning tidlegare for brot på alkohollova.

Skjenking av alkohol hald fram meir enn ein time etter skjenketids slutt.

Ut frå ei samla vurdering vil rådmannen rá til at Lindås brygge blir belasta med 6 prikker.